

Idar Barstad
Allegt.55
Bjerknessenter for klimaforskning
Universitetet i Bergen
5007 Bergen

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
06 / 01219 - 38	
DATO - 3 SEPT. 2007	
AN 586	EKSP.

31. aug. 2007

Miljøvern Dept og Olje- og energi Dept.
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Vedr. høyringsuttaling for "Veileder for regionale planer for vindkraft"

Underteikna vil berre raskt gjere merksam på eit punkt som underteikna har kjennskap til og som bør vurderast av Departementet. På side 5 i skrivet er det referert til ein vindressurskartlegging som er tilgjengeleg på NVE sin nettstad. Dei metodane som er brukt for denne ressurskartlegginga er gjort på ein måte som er prega av manglande kjennskap til dynamikken i atmosfæren. Underteikna har påpeika dette munnleg for representantar for NVE (1999/2000) då han jobba for Institutt for Energiteknikk (IFE) på Kjeller. Komponentar av denne kartlegginga er delvis bra, men ein konsistent heilskapen manglar. Underteikna vil difor frårå å bruke desse karta som om dei gjev det faktiske vindpotensialet langs kysten.

For å kome denne svakheita i møte, bør ein legge til at spesifikk utbyggarar bør gå saman og sjekke/overprøve NVE sitt datagrunnlag for eit område før endeleg løyve vert gjeve. Evn. bør styresmakta gjere ein ny innsats. Ein slik kartlegging bør gjerast på ein heilskapleg måte, dvs. over større område. Ein har i dag komplette modellverktøy som gjer ein i stand til å modellere vinden for områda langs kysten.

Ein kan her berre minne om at ein bør søkje å finne dei optimale stadane for vindmølleparkar - der best tilgjengeleg teknologi ligg bak ressurskartlegginga. Som nemnt er dette naturleg å gjere over eit større område, og dette leie ein til konklusjonen at ein samla plan bør vurderast.

Ein vonar at nemnde moment kan takast med i vurderinga når meldinga vert ferdig skreva.

Beste helsing



Idar Barstad
Forskar innan meteorologi,
Bjerknessenter for klimaforskning, Universitetet i Bergen.